

JUBILEUMSFEST  
VALLDAL BYGDEKVINNELLAG 1932 - 2022

Laget vart stifta 8.mars 1932, laget fekk då namnet Valldal bondekvinnelag.  
90 årsdagen vart feira med marsipankake på eit medlemsmøte.  
Fødselsdagen vart også markert ved å leggje fram dei ferdige dialektbileta for sal.  
Tre medlemer hadde arbeidd med å plukke ut og setje saman eit bilet av gamle  
dialektord.  
Æresmedlem Lilly Sandnes hadde skrive ned lange lister med ord som laget kunne  
kike i.  
Bileta har vore godt mottekne. Det er fleire som kjøper seg Valldalsdialekt til  
veggpynt.

Den store jubileumsfesten var av praktiske grunnar lagt til 12.mai på Valldal  
Fjordhotell.  
Medlemer med fylgje vart inviterte til ein skikkeleg festmiddag med ulike  
kulturinnslag.  
Det var sendt ut fleire ekstra invitasjonar og desse møtte:  
Cecilie Urbakken generalsekretær i Norges Bygdekvinnelag, Liv Borghild Hildre leiar  
i  
Møre og Romsdal bygdekvinnelag, Ragnhild Giskemo leiar i Ørskog bygdekvinnelag  
og Eva Hove ordførar i Fjord kommune.

Festen starta klokka 18, men frammøtet var sett til klokka 17.45. ingen  
sunnmørshalvtime der.  
Petter Lingaas slo an tonen med ein trompetsolo - "No ser eg etter slike fjell og  
dalar".  
Leiar i Valldal bygdekvinnelag Solveig Linge Stakkestad ynskte velkommen.  
Ho gav så ordet til kjøkemeister Eva Hilde Lingås som losa festlyden stødig gjennom  
kvelden.  
Samlesong "Å samlast er ei gledessak» av valldalskvinnen Marta Schumann var  
neste post.  
Petter spela til alle songane.  
Randi Flø las frå første møtet i Valldal bondekvinnelag. Ho arbeider med ei bok om  
laget.  
Randi og Svein Ove Rem framførte ein sketsj på god dialekt om korleis mennene såg  
på  
dette at kvinnene organiserte seg og brukte tid på lagsarbeid. Ikkje alle var like blide.

Så starta gjestane på middag med heile tre rettar:  
Først forrett med sukkersalta ørret på potetvaffel, rømme,sylta rødløk og dillolje.  
Kjempegodt!  
Cecilie stilte no opp med varm helsing til 90 års jubilanten frå  
sentraladministrasjonen.  
Ho hadde også med ei gave, ein fin glaslysestake laga av Anne Ka Munkejord,  
tidlegare  
fylkesleiar i Vestfold bygdekvinnelag.  
Neste song for tur var " Norges Bygdekvinnelag" av Mona Skrede:  
" Norges Bygdekvinnelag løfter høgt si fana. Brukar tida dag for dag alltid er på bana.  
Kvinner vil og kvinner kan, byggjer bru, går hand i hand.

For eit trygt og velstelt land vi til kamp vil mana."

Hovudretten kom på bordet: Langtidssteikt kalv ( så mør du kunne ete med skei), steikt potet, soutert østersopp, soppsaus, pastinakkpure, glaserte gulrøter, jordskokkchips og tørka grønkål.

- Skrivaren måtte kontakte kokken for å få med alle ingrediensane! - Alt smakte kjempegodt!

Nye, fine musikkinnslag ved Petter og solist Karianne Vikene: "Vår beste dag" av Erik Bye, svensk kjærleiksong av Lisa Nelson og "Vår Herres klinkekule" også av Erik Bye. Ei overrasking som ikkje stod på planen - Nelly Ytterli kalla fram Solveig med ektemann Steinar.

Solveig fekk eit kjevle som takk for fin innsats og Steinar fekk blomar.

Til slutt kom desserten - heimelaga karamellpudding med jordbær frå jordbærbygda Valldal.

Takk for maten-tale var ved Magne Krogh som rosa laget for å ta godt vare på medlemene sine.

Allsongen « Å Vestland, Vestland» avslutta middagssetet, og gjestane kunne takke for skiftet.

Så var det tid for mjuke stolar i salongen.

Ordførar Eva Hove kom med tale og blomehelsing til jubilanten.

Distriktsleiar Liv Borghild Hildre helsa frå distriktslaget, ho hadde med blomar.

Ragnhild Giskemp frå Ørskog takka for invitasjonen, ho kom med ei lysgåve.

Arne Sandnes helsa frå Lilly Sandnes. Ho var fødd i 1916 og er eldste medleman vår.

Åresal er fast innslag når det er møte i bygdekvinnelaget, slik også denne gongen. Det var mange store gevinstar, fleire hadde vinnarlukke, medan andre får ta det att neste gong.

Til sist fekk kjøkemeister Eva Hilde, Randi og Svein Ove Rem som stod for eit glimt attende i tida, blomar og takk av leiar Solveig.

Tre medlemer med lengst medlemstid i laget, Jorunn, Petra og Sunneva, fekk også blomar.

Solveig takka av kvelden med eit vers av Einar Førholm:

Du er eineståande

Du er meir verdt enn nokon kan måle

Du kan noko som er spesielt for deg

Du har noko å gje andre

Du har gjort noko som du kan vere stolt av

Du har store ubrukta ressursar

Du duger til noko

Du kan godta andre

Du har evne til å forstå og lære av andre

Du har nokon som er glad i deg

Sunneva Linge skriver